



Alver kommune
Plan- og byggesak

Deres ref.:

Vår ref.:
20/6436 - 2 / LIKJNY

Vedtaksdato:
10.03.2020 263/20

Løyve til deling etter jordlova på GBNR 423/20 Marøy

Administrativt vedtak. Saknr: 263/20

VEDTAK:

Med heimel i § 12 i jordlova vert det gjeve løyve til deling av eit 450 m² stort areal på gbnr 423/20 Marøy. Arealet er klassifisert som skrin fastmark og formålet med delinga er tilleggsareal til fritidseigedommen gbnr 423/55 Marøy

Saka gjeld :

Heimelshavar Kenneth Marøy søker om frådelling av eit 450 m² stort areal frå landbrukseigedommen sin gbnr 423/20. Arealet er i Nibio sitt gardskart klassifisert som skrin fastmark. Formålet med delinga er tilleggsareal til fritidseigedommen gbnr 423/55 Marøy.

Eigedommen GBNR 423/20 Marøy :

Ifølgje Nibio sitt gardskart har eigedommen eit totalareal på 121,2 dekar. Av dette er 10,3 dekar overflatedyrka jord. Vidare er det 42,7 dekar innmarksbeite. Det er 27,2 dekaar produktiv skog, 37,5 dekar anna utmatk og 3,5 dekar bebygd/veg/vatn mm. Det er våningshus, garasjebygg og ein driftsbygning på eigedommen.

Garden har vidare part i felleseige på fleire teigar og holmar. Teigane på garden er fordelt på fleire øyer. Det er 450 m² av teigen på Hestøyna som vert søkt frådelt.

Det er sauhold på garden.


Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00


post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kart over eiendomen gbnr 423/20 Marøy



Kart over området som vert søkt deling rundt gbnr 423/55 Marøy



Situasjonskart gbnr 423/20 Marøy



VURDERING:

Saka skal handsamast etter jordlova då eigeiomen gbnr 423/20 vert rekna som ein landbrukseiigeiomen.

Arealet er ikkje dyrka eller dyrkbar jord og treng såleis ikkje handsaming etter § 9 i jordlova – omdisponering. Men arealet er definert som LNF i kommuneplanen og søknaden krev såleis dispensasjon frå kommuneplanen.

I vår handsaming etter § 12 i jordlova er det følgjande moment som skal vurderat :

- Om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur
- Vern av arealressursane
- Om delinga fører til driftsmessig god løysing
- Om delinga fører til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området.
- Om delinga råkar landskap, økologi eller kulturhistoriske verdiar.
- Omsynet til busettinga i området.

Denne søknaden rårkar i særst liten grad dei omsyn som jordlova skal ivareta. Det aktuelle arealet har liten verdi for landbruket og ein kan ikkje sjå at det vil råka landbruket.

Konklusjonen er at det vert gjeve løyve til delinga etter jordlova

Naturmangfaldslova

Saka er vurdert etter §8-12 i Naturmangfaldslova og ein finn ikkje at delinga rårkar naturmangfaldet. Det er registrert naturbeitemark lengre nord på Hestøyna.

Regelverk

Jordlova
Forvaltningslova
Naturmangfaldslova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/6436»

Med hilsen

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Alver kommune

Mottakere:

Kenneth Marøy

Magnar Reidar Marøy

Marøyvegen 341

Postboks 40

5937

5907

BØVÅGEN

ALVERSUND